



Møre og Romsdal fylke



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FE: 2008/83/DAHO/432.1	Dag Hole, 71 25 81 23	12.03.2008

## Høring - Klimaskifte for jordvernet - Rapport frå jordverngruppa

Vi syner til høyringsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet og ønskjer å gi følgjande uttale til jordverngruppa sin rapport.

I Møre og Romsdal er Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune samla i forsøket med einskapsfylke. Forsøket med einskapsfylke ber i seg at oppgåvene som ordinært er lagt til fylkesmannen og til fylkeskommunen blir løyst i eit regionalt organ. Desse kommentarane er gitt av Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke, og er ikkje samordna med andre avdelingar sitt syn.

Våre kommentar og merknader til rapporten er avgrensa til dei forslag vi har kommentar til. For ikkje kommenterte forslag deler vi synspunkta frå jordverngruppa.

Pkt. 5.2.1, om styrking av virkemidler i plan- og bygningslova. Vi meiner at ein berre må erkjenne at det er plan- og bygningslova som er det sentrale lovverktøy i samband med arealdisponering. Det er derfor her ein vil kunne oppnå mest ved å styrke jordvernet. Dagens praksis med disponering av LNF-områda er ikkje tilfredstillande. Det at høgproduktive areal for landbruksnæringa skal plasserast i same kategori som mellom anna impediment, er med å redusere verdien av areala.

Sjølv om kommunane i dag har heimel til å regulere område til landbruk, blir dette etter vårt syn gjort i alfor liten grad. Ei statusheving av landbruket sine areal i plan- og bygningslova kan oppnåast ved at kommunane i kommuneplan eller anna liknande formell plan, må definere dei beste produksjonsareala for eksempel i tråd med kriteria i "kjerneområde-landbruk".

Pkt. 5.2.2 Regionale planar. Vi meiner at i kva grad regionale planar er eit viktig virkemiddel, vil i stor grad avhenge av kva forvaltningsreforma medfører. Vi meiner at regionale planer vil ha størst betydning viss det blir overført mynde frå sentralt statlig forvaltning til regional statlig forvaltning. Vi tolkar dei signala som er gitt i høve til denne reforma slik at ein ikkje kan vente at ei slik overføring av mynde kjem til å skje.

Pkt. 5.2.3 Differensiering av LNF-områda. For dyrka og dyrkbare areal deler vi jordverngruppa sitt syn. Men med den merknad at for produktive skogareal og viktige utmarksområde, som ved det kan bli merka som friluftsområde eller naturområde, ikkje må få restriksjonar på arealbruken som hindrar næringsmessig drift utover dei omsyn skoglova

gir høve til utan kompensasjon for ev meirkostnad/bortfall av inntekt frå skogsdrift som følgje av slike vedtak i kommunen.

Pkt. 5.5.2 Differensiert delegering. Vi er ikkje samnde i forslaget frå jordverngruppa om å reversere kompetansen kommunane er gitt for å ta avgjerd i saker etter jordlova §§ 9 og 12. Ei løpande rapportering til regionalt nivå i slike saker vil vere ei langt meir tenleg ordning, og ei slik rapportering kan gi eit svært godt grunnlag for dialog mellom fylkesmann og kommunane om praksis i arealdisponering og bruken av dispensasjonar frå vedtatt arealbruk .

Til pkt. 5.5.3 i rapporten, der jordverngruppa anbefalar at ein presiserer og strammar inn retningslinene for praktisering av delingsbestemmelsen i jordlova for saker som gjeld frådeling av tun, har vi nokre merknader. Det er ikkje vanskelig å vere einig i at jordverngruppa peiker på eit problem her, der ein ved slik frådeling fort får etablert store bustadeigedomar midt i aktive landbruksområde. Men på den andre sida, så vil det dersom det blir stramma for mykje inn, lett medføre at eigedomen ikkje blir selt, og at ein såleis ikkje får til ønska strukturrasjonalisering. Ein må altså vege ulempa ved etablering av ein frittliggande eigedom i eit landbruksområde opp mot dei uheldige følgjene av lite hensiktsmessige eigedomsforhold, som igjen ikkje er beste utgangspunktet for aktiv landbruksdrift. På bakgrunn av dette, ønskjer vi å behalde noko slakk ved frådeling av tun. Vi trur at dei uheldige følgjene av å stramme inn her vil overstige dei fordelane ein ønskjer å oppnå.

Pkt. 5.5.4 og 5.5.5 ser vi i samanheng. Heller enn en heimel for tilsyn med kommunane, ønskjer vi ein heimel for å pålegge kommunane å sende informasjon til fylkesmannen om avgjerder om omdisponering og deling etter jordlova. Dette ville lagt til rette for at fylkesmannen kunne sette visse kommunar under lupa avhengig av behov og ved mistanke om at vedtakspraksisen har dreia i ei retning som er i strid med regelverk og nasjonale føringar. Vi trur at ein heimel som pålegg kommunane å sende informasjon om vedtaka sine til fylkesmannen, kunne ha vore tilstrekkelig til å føre nødvendig tilsyn i disse sakene.

Pkt. 5.6.1 om vern. Eit vern av landbruket sine produksjonsareal heimla i naturvernlova kan etter vårt syn bidra til å redusere nokon av dei konflikhtar som oppstår mellom naturverninteresser og landbruksinteresser. Ein kan da få eit større fokus på at interessene ofte er avhengige av kvarandre og at dei heng tett i hop. Landbruket er avhengig av at ein kan forvalte og høste av dei ressursar som naturen gir. Det er ofte denne forvaltninga som opprettheld den naturkvalitet som ein ønskjer å verne.

Med helsing

Anne Berit Løset  
Landbruksdirektør

Harald Nymo  
Fylkesskogsjef